



DEN NORSKE KYRKJA
Stord sokneråd

Soknemøte - Årsmøte 2022

Stord sokneråd kallar med dette inn til soknemøte / årsmøte for kyrkjelyden.

Stad: Stord Kyrkje

Tid: Søndag 24. april etter gudstenesta, ca kl 12.00

Sakliste:

- | | |
|-------------------------|--|
| <u>Sak 1 (2022/26):</u> | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| <u>Sak 2 (2022/27):</u> | Val av referent |
| <u>Sak 3 (2022/28):</u> | Val av to personar til å signera årsmøteprotokollen |
| <u>Sak 4:</u> | Årsrapport 2021 m/rekneskapsoversikt
Soknerådet presenterer årsrapport for 2021 (vedlagd innkallinga).
Årsrapporten inneheld ein oversikt over det kristelige arbeidet i soknet i året som har gått, og inneheld og ein førebels rekneskapsoversikt for året 2021. |
| <u>Sak 5:</u> | Budsjett 2022
Soknerådet presenterer årsbudsjett for 2022 (vedlagd innkallinga). |
| <u>Sak 6</u> | Spørsmål og innspel frå kyrkjelyden |

Soknemøtet skal ikkje godkjenne soknerådet sitt rekneskap eller budsjett, men desse leggst fram til orientering og informasjon, for å få kommentarar og tilbakemeldingar på soknerådet sitt arbeid. Sak 4-6 er derfor informasjonssaker og ikkje vedtakssaker.

Stord, 3.april 2022

Stord sokneråd
v/ leiar Anders Dahl

Stord kyrkjelyd

Årsrapport

2021




" Livet i fokus, nær Gud - nær menneske "

- visjon Stord kyrkjelyd

2022 har vore prega av koronasituasjonen og ulike smitteverns-restriksjonar i samfunnet. Kyrkja har tilpassa aktiviteten til dei gjeldande restriksjonana.

I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:



Innhald

Kyrkjeleg statistikk - 2021	2
Årsmelding 2021 – SOKNERÅDET	3
Årsmelding soknepresten i Stord 2021	4
Årsmelding for trusopplæringa i Stord sokn 2021	6
Årsmelding 2021 frå Diakoniutvalet	10
Årsrekneskap	12

Kyrkjeleg statistikk - 2021

STORD	2017	2018	2019	2020*	2021*
Døyppte	115	144	114	104	119
Konfirmerte	121	132	124	127	118
Vigsler	22	21	17	14	11
Gravferd	93	111	95	73	88
Gudstenester	82	95	77	93	119
Deltakarar	14 737	18 663	19 538	6 915	7 457
Takkoffer	466 997	443 435	512 226	201 285	197 925
Utmelding	52	40	45	33	51
Innmelding	1	3	4	6	4

**) 2020 og 2021 var prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årsgudstenester, dåpsgudstenester etc.*

Årsmelding 2021 – SOKNERÅDET

Kyrkjeåret 2021 har og vore prega av pandemi og tilpasningar som følgje av smitteverns-restriksjonar. Me satsa friskt hausten 2021 med ei ReSTART-helg med fleire kjekke aktivitetar, men etter eit par månadar måtte me igjen redusera aktiviteten pga restriksjonar.

Også i år ønskjer me å rette ei stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar som har ytt ein ekstra innsats og handtert ein meir usikker situasjon enn vanleg!

I 2021 handsama soknerådet 65 saker ila sine 10 møter. På Døgnet tidleg i 2021 satte me fokus på den frivillige tenesta i soknet. Ei arbeidsgruppe med tilsette og representantar frå båe sokneråd har arbeidd med korleis me skal organisere og ivareta frivillige medarbeidarar i det arbeidet me gjer. Målet er å engasjere fleire til frivillig teneste, og sikre heilskap i rekruttering, oppfølging og koordinering av dei frivillige medarbeidarane. Vi ønskjer at både tilsette og frivillige skal oppleve seg ønska, ivaretatt, motivert og likeverdige.

I kyrkjelyden vår er det fleire tusen medlemmer. Då er det naturleg at det er stort spenn i deltaking, motivasjon og engasjement. I kyrkja vår skal det vere rom for både stort og lite engasjement, og vi ønskjer å sjå kvarandre som likeverdige medlemmer på kyrkja sin kropp sjølv om vi engasjerer oss ulikt. Det er ingen konkurranse om å gjere mest, og ein blir ikkje «meir verdt» om ein engasjerer seg meir. Samstundes ønskjer vi å bygge ein kultur der vi kappast om å heidra kvarandre og heier på kvarandre sine engasjement og tenester. Vi ønsker og spesielt å leggja til rette for at born og unge skal få eit stort spelerom for deltaking og støtte til gjennomføring av initiativ ut frå deira eige engasjement. I kyrkja vår ønskjer vi å gi eit stort rom for å ta initiativ til frivillig innsats ut i frå interesser og talent. Her ønskjer vi å bygge på prinsippa frå metodikken «Bruk Talenta Dine» («Use Your Talents»).

Soknerådet har i 2021 også behandla forslag til ny kyrkjeleg organisering som ei stor høyringssak. Høyringa tok utgangspunkt i Müller-Nilsen utvalet si utgreiing av prostifellesråd som ein mogleg modell. Soknerådet har drøfta saka i fleire møte og deltok på ei større samling for heile prostiet der ordninga vart presentert og diskutert. Stord sokneråd har gjeve si høyringsuttale i saka og kom fram til at me ikkje ønskjer ein modell med prostifellesråd. Me støtter ønsket om ei felles arbeidsgjevarlinje i kyrkja, men ønskjer at tilsetting og dagleg leiing må forankrast nær sokna. Ny kyrkjeleg organisering skal drøftast i Kyrkjemøtet i 2022.

No ser me fram mot eit 2022 der me kan ta vekk restriksjonane og bygge fellesskap gjennom fysiske møte med menneska som utgjer kyrkja vår! Velkomen til kyrkja – også i 2022!

Anders Dahl - soknerådsleiar

Stord sokneråd (pr 31.12.2021)			
Sokneprest	Olav Johannes Oma	1.vara	Signe W. Vorland
Leiar	Anders Dahl	2.vara	Dag Kjetil Lægreid
Nestleiar	Dag Sele	3.vara	Dagfinn Koppang
Rådsmedlem	Nils Dale Elde	4.vara	Arne Drønen
Rådsmedlem	Kirsti Angvik Frugård	Permisjon	Johannes Lamo
Rådsmedlem	Sigrunn Ljosland		
Rådsmedlem	Egil Petterteig		
Rådsmedlem	Ingeborg Islaug Hatlevik Ørjasæter		
Rådsmedlem	Sigrid Beate Tveit Eskeland		

Årsmelding soknepresten i Stord 2021

2021 opplevde vi for andre år på rad at kyrkja hadde adgangsbegrensning på grunn av Korona. Det gav mange utfordringar med tanke på å gjennomføra kyrkjelege handlingar som gravferd, vigslе og gudstenester.

Kyrkjekontoret sin administrasjon gjorde ein stor jobb for at vi fekk dette til på ein god måte, med registrering av påmelding og tildeling av plass i dei tidene det faktisk var nødvendig å sei "her skal du sitja". Mange av oss kjende på sakn etter å kunne samlast utan nokon form for restriksjonar. Dette blei ekstra merkbart i påska då kyrkjene var heilt stengt, og med jul då gudstenestene blei gjennomført med eit makstal i kyrkja på 50 menneske på kvar.

Ved fleire høve hadde vi utegudsteneste i Vidstenparken. I tillegg arrangerte vi gudsteneste saman med Nysæter kyrkjelyd i gruvane på Litlabø.

Digitale løysingar vart forsøkt gjennom vinteren og fram mot sommaren. Men då det syntes som om samfunnet skulle opna seg til hausten tok vi ikkje oppatt filming av eigne gudstenester. Unntak var konfirmasjonsgudstenestene, jula vart filma i Nysæter kyrkje.

Dåpsgudstenester og trusopplæring

Vi døypte 119 menneske i 2021.

Deler av året var makstalet på kor mange vi kunne vera i kyrkja heilt nede i 10 deltakarar på gudstenester. Somme søndagar gjennomførte vi difor 5 dåpsgudstenester på rad for å få døypt dei som ynskje dåp. Svært mange søndagar har vi hatt to gudstenester for å ha eit godt tilbod til dei som ynskjer å koma. Ser ein på den totale oversikten over talet på gudstenester i 2021 samanlikna med året før, skuldast auken i all hovudsak dei mange dåpsgudstenestene.

Trusopplæringa har som alt anna lidd under tida med nedstenging. Det har vore vanskeleg å gjennomføra mange av tiltaka. Likevel, trusopplærarane har vore flinke til å snu seg etter det til ein kvar tid gjeldande smittevernregime, og vore med å gi mange born og unge gode møte med kyrkja og trua.

Konfirmantar

Konfirmasjonane vart utsett frå mai til september for andre år på rad. Då blei det gjennomført 11 konfirmasjonsgudstenester med tilsaman 118 konfirmantar. Det vart gudstenester med ca 10 konfirmantar på kvar, og kvar konfirmant hadde med eit avgrensa tal gjester. Gudstenestene vart strøyma slik at konfirmasjonsgjestene kunne vera med i gudstenesta på skjerm.

Vi starta opp med eit nytt kull konfirmantar i haust på 126 konfirmantar.

Vigsel

Det vart gjennomført 11 vigsler i 2021.

Gravferd

Det vart gjennomført 88 gravferder frå Stord kyrkje, i tillegg til 14 i Nysæter.

Takkoffer

I 2021 vart det samla inn ca 197 000,- gjennom takkoffer. Det er ei dramatisk nedgang samanlikna med åra før 2020, trøysta får vere at det også vart brukt noko mindre pengar i fjor enn tidlegare.

Om medlemer, inn- og utmeldingar

Det var i 2021 4 innmeldingar i kyrkja. Dei som melder seg inn får eit brev som ynskjer dei velkomne som medlem og fortel kvar dei kan finna informasjon om arbeidet vårt. 51 personar melde seg ut av

kyrkja i løpet av fjoråret. 14 av desse skjedde i tida etter at kyrkjemøte bad kyrkja lytta til FN sitt klimapanel mtp oljeutvinning.

Om soknerådsarbeidet

Som sokneprest er ein og medlem i råd og fleire utval i kyrkjelydsarbeidet. Også dette arbeidet har vore prega av dette spesielle året. Mange møter har vore gjennomført på nett eller fysisk med god avstand. På trass av desse utfordringane har mykje godt arbeid likevel blitt gjort.

- **Kyrkjebladet Spira.** Soknepresten er redaktør, og redaksjonen består i tillegg av Svein Olav Langåker, Barbro Høyland Andersen, Elisabeth Fauskanger, Anders Grov Nilsen, Hildegunn Heimro, Dag Kjetil Lægreid, og Reidar Ådnanes.
Kyrkjebladet SPIRA som vi driv saman med Nysæter sokn kom ut med tre nummer. Her er ein fin redaksjon som arbeider godt. Spira er avhengige av sponsorar, gåver og støtte for å få den økonomiske situasjonen stabil og kunna driva bladet. Dette er ei utfordring.
- **Arbeidsgruppa Frivillighet** er felles for Stord og Nysæter og består av representantar frå begge sokneråd og stab. Oddbjørg Løkling, Heine Kaldefoss, Anders Dahl, Ingeborg Ørjasæter, Reidar Ådnanes, Olaug Gloppen og Elisabeth Fauskanger er med i tillegg til soknepresten.
- **Kyrkjelivsutvalet** består av sokneprest, Kirsti Frugård, Arne Drønen og Grethe Grimsbø.
- **Gudstenesteutvalet** har følgjande medlem Egil Petterteig, Ingeborg Ørjasæter, Sigrid Beate Tveit Eskeland, Ole Jørgen Furdal og soknepresten.

Å arbeida i kyrkja

To år med nedstengning og alternative løysingar har satt sitt preg på mange. Vi er nok fleire som kan kjenna at det er tungt å ikkje kunne arbeida slik vi ønskjer og er vande med. Dette gir utfordringar for samhandling i stab, med frivillige og råd og utval.

Men vi håpar og trur at dette vil ta seg opp att når pandemien går over og det igjen blir mogleg å samlast slik vi gjorde før.

Takk

Takk til alle de som har vore med og teke del i dei mange ulike samlingane som gjekk føre seg i kyrkjelyden vår i 2021; enten det var digitalt eller fysisk. Takk for forbøn og engasjement.

Med ynskje om Guds signing for Stord kyrkjelyd.

Olav J. Oma, sokneprest

Årsmelding for trusopplæringa i Stord sokn 2021

På same måten som dei nyfødde må læra livet å kjenna, må borna læra å kjenna den trua dei er døypte til. Det er bakgrunnen for at me driv trusopplæring i kyrkja.

Dei to siste åra har vore prega av koronapandemi, smittevern, uforutsigbarheit og restriksjonar. Me har hatt eit mål om å «halda hjula i gang» i trusopplæringa, og retta oss etter dei til ein kvar tid gjeldande smittevern-reglar og tenkt alternativt mtp gjennomføring av samlingar når det har vore naudsynt. Første halvår blei mange av samlingane gjennomført som reine utearrangement, nokre gonger og kohortvis, mens andre samlingar blei gjennomført inne med stort fokus på smittevern. På hausten letta smittevern-restriksjonane såpass at me kunne ha samlingar inne.

Tilsette i trusopplæringa:

Elisabeth V. Fauskanger 100% stilling, Anne Brandvik Nilsen 90% stilling, Brynhild Meyer Stautland 60% stilling første halvår og Ingvild Baugstø Almås 100% frå 1.august. Brynhild blei takka av og Ingvild og Anne blei innsett som kyrkjelydspedagogar i Nysæter kyrkje søndag 24.oktober.

Fysiske samlingar i trusopplæringa

I samarbeid med frivillige medarbeidarar, sokneråd, sokneprest, ungdommar og trusopplæringsutval blei det i 2021 invitert til og gjennomført følgjande trusopplæringstiltak;

To Trilletur og babysong

I vårhalvåret blei det invitert til trilletur med lunsjpause annakvar måndag. Turane starta med kyrkja, og gjekk i nærområdet. Tid til prat og sosialt fellesskap, men utan songstund. Trilleturane hadde 10% oppslutning blant dei minste, 10 stk under året og 2 ett-åringar.

Frå hausten av har det vore babysong annakvar måndag med song, regler, servering av lunsj og prat. Det har vore 31 babyar på babysong, noko som tilsvarar 30% oppslutnad blant born under 1 år. I tillegg har det vore 5 ett-åringar, noko som gir 5% oppslutnad blant born som er 1 år gamle.



Babysong i Stord kyrkje.

T 123 Utesong og Songstund



Samling med song, bibelforteljing, servering av kveldsmat og lek for born i alderen 1-3 år saman med vaksen annakvar måndag. I vårhalvåret var desse samlingane utandørs, på hausten inne i kyrkja. På våren var frammøtet 16 barn totalt, dvs 5% av dei døypte 1-3 åringane. På hausten då me kunne vera inne steig frammøtet til 51 born, noko som utgjør 16%.

T 123 Songstund i Stord kyrkje hausten 2021.

T 456 Utesong og Songstund

Samling med song, bibelforteljing, servering av pølse i brød og lek for born i alderen 4-6 år saman med vaksen annakvar onsdag. I vårhalvåret var desse samlingane utandørs, på hausten inne i kyrkja. Samla for heile året var det 62 4-6 åringar som kom. Det utgjør 17% av dei døypte 4,5 og 6 åringane.

T 4 Undretur og Familiegudsteneste med utdeling av 4 årsbok

Undretur/ oppdagingstur for å bli kjent i kyrkja og to familiegudstenester med utdeling av barnebibel til fireåringane fann stad 23 og 24.oktober. Det blei delt ut bøker til 51 4-åringar, eller 47% av fireåringane i soknet. I gudstenesta deltok mange unge med song og som medliturgar.

T 6 Førsteklasses

Førsteklasses er eit tiltak planlagt med middagservering og familiegudsteneste for 6 åringane. I 2019 vart dette gjennomført for første gong. Dei to siste åra har smittevern-restriksjonar gjort gjennomføring av middagservering vanskeleg. Familiegudsteneste med utdeling av Sakkeusbok til 6 åringane blei gjennomført 19.september med eit frammøte på 11 stk, eller 9% av 6 åringane. I gudstenesta deltok fleire barn og unge som medliturgar og med song.

T 78 Gud skapar – me tek vare på

«Gud skapar – me tek vare på» var overskrifta på eit nytt tiltak i 2020. I 2021 har me hatt samlingar og blant anna sådd frø og hatt tema om livet i havet og forureining/plast i havet. Bjarte Aadland og Marit Langåker har vore med som «ekspertar» på tema insekt og livet i havet. 14 7- åringar og 15 8-åringar har delteke, noko som utgjer 7% av 7-åringane og 14% av 8 åringane.

T 9 Tårnagenthelg

Tårnagenthelga vart gjennomført på dagtid laurdag 20.februar. Pga smittevernreglar og kohortkrav blei born frå dei ulike skulane invitert til samling med ulike stasjonar på ulike klokkeslett. 28 jenter og gutar eller 21% av 9 åringane deltok på tårnagentsamlinga.

T 10-11 Skattejakt i bibelen

I 2020 inviterte me for første gong til samling for denne aldersgruppa med overskrifta «Like mykje verdt» og fokus på misjonsprosjektet i Bangladesh. Tanken er å veksla på tema frå år til år, og i 2021 var tema for same aldersgruppe Skattejakt i bibelen. Samlinga blei gjennomført med ulike stasjonar rundt om i kyrkja 11.mars. 40 barn deltok, 20 frå kvart årskull. Det utgjer 10% av 10 åringane og 14% av 11 åringane.

T 11 Lys vaken

I 2020 var Lys vaken eit reint kohortdelt ute-arrangement. Det var kjekt å kunna invitera til Lys vaken inne i kyrkja igjen. Lys vaken blei arrangert 20.-21.november med mange kjekke aktivitetar, mat og deltaking på familiegudsteneste. Lys vaken hadde eit frammøte på 20 stk, som utgjer 14%.



Kjekt rundt bordet med aktivitet på Lys Vaken.



T 13-16 Her & Der

Dette var eit nytt tilbod i trusopplæringa hausten 2021 og er felles for Stord og Nysæter. Her & Der er samlingar med ulike aktivitetar, på ulike stader, første måndag i månaden. Trusopplæringsutvalet er aktivt med som leiarar. Frå Stord var det 30 som var med på Her & Der, det utgjer 5%.

Juleavslutning med Her & Der på Valvatne gard

T 14 Konfirmasjon

Konfirmantkullet 2020/2021 hadde sine samlingar i kyrkja rett etter skuletid på tysdagar og torsdagar. Som med alt anna i kyrkja blei våren prega av korona og for konfirmantane. Nokre samlingar blei gjennomført fysisk, noko blei gjennomført digitalt og noko blei avlyst. Konfirmasjonsgudstenestene blei flytta til hausten. 11. og 12. september var det konfirmasjonsgudstenester med 70 konfirmantar og 25. og 26.september blei 54 konfirmantar konfirmert. Deltakinga til konfirmasjon var 86%.

25.august var det ei felles avslutning for alle konfirmantane i Stord og Nysæter i Nysæter kyrkje, ein kjekk kveld i kyrkja med besøk av Thor Haavik og grilling etterpå.

For konfirmantkullet 2021/2022 starta hausten med digital sending frå nemnte kveld med Thor Haavik. Koronautbrudd og smittevern var årsaken til at det ikkje var mogleg å ha fysisk samling med dei nye konfirmantane.

Me reiste på opptartstur/bli kjent tur til Solgry 2. og 9. september og hadde to kjekke ettermiddagar med ulike aktivitetar.

Konfirmantane har sine samlingar i kyrkja på tysdagar og torsdagar.

Presentasjonsgudstenesta var 3.oktober og lysmessene 28.november.

Det er 104 konfirmantar dette året i Stord.



Lysmesse

T 15-18 Vegen vidare

I vår var det gjennomført MILK (mini-leiarkurs) med 6 deltakarar, der 3 av deltakarane høyrer til i Stord. Ungdommane deltek og som leiarar i trusopplæringa. I haust har det ikkje vore liknande kurs.

Deltaking på gudstenester

I løpet av 2021 deltok dei tilsette i trusopplæringa på mange gudstenester; både strøyma, utandørs i Vidstenparken og ved gruvene på Litlabø og inne i kyrkja. Fleire gudstenester er knytt til konfirmasjonstida, med konfirmasjonsgudstenestene som høgdepunkt. Elles er nokre familiegudstenester knytt til samlingar i trusopplæringa, mens andre ikkje er det.

Kyrkje-skule/barnehage samarbeid

Dei tilsette i trusopplæringa samarbeider med skulane og barnehagane om fleire ulike møtepunkt i løpet av året. Påskevandring for 1.klassingane var planlagt, men måtte avlysast då koronaen blomstra på Stord i vekene før påske. Det same skjedde med skulegudstenestene før jul, dei måtte og avlysast i siste liten.

Julevandringane med alle barnehagane blei derimot gjennomført som planlagt, og det var kjekt.

Elles hadde me besøk frå skuleklassar som fekk undervisning om blant anna overgangsriter, Paulus og kyrkja si rolle i samfunnet. Dette er undervisningsopplegg som blir tilpassa det enkelte trinn og utifrå dagens læreplan. Av og til er me i kyrkja og av og til kjem me ut i skulane.

I Stord kyrkje hadde me 13 besøk.

Frivillige medarbeidarar

Frivillige medarbeidarar er gull verdt i trusopplæringa. I 2021 var det 53 frivillige medarbeidarar som deltok på dei ulike T-dagane, på familiegudstenester og i konfirmantarbeidet. Både me som er tilsette i trusopplæringa og dei andre tilsette som samarbeider med frivillige vil retta ei stor takk til alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja.

Unge medleiarar

Me ønskjer unge frivillige medarbeidarar med som leiarar i samlingane både i trusopplæringa og på familiegudstenester. Dei bidreg på ein strålende måte.

Gjennom eigne sosiale samlingar for dei unge frivillige medarbeidarane i trusopplæringa, felles for Nysæter og Stord er målet eit sosialt fellesskap for



unge medleiarar. I juni 2021 var me på kjekk tur saman til Huglo med grilling, leik og bading. Me håpar på fleire fleire slike samlingar når det etterkvart blir meir stabilt mtp korona.

Trusopplæringsutval

Trusopplæringsutvalet er felles for Stord og Nysæter og består av 2 representantar frå kvart sokn og einingsleiar. Frå Stord sokn er Sigrunn Ljosland og Anders Grov Nilsen med. Trusopplæringsutvalet har i 2021 hatt 5 møter og handsama 19 saker. Trusopplæringsutvalet arbeider godt saman.

Oppsummering og tankar for 2022.

Dei to siste åra har vore ei lang «unntakstid» der koronapandemien og alt den har ført med seg har lagt føringar for mye av arbeidet i trusopplæringa i kyrkja. Me har kjent på eit breitt spekter av kjensler – frå frustrasjon og resignasjon til kreativitet og initiativ. Me håpar at 2022 bringer med seg meir stabilitet og ro.

Ein stor takk til alle villige hender og føter og alle som på ulike måtar er med og bidreg i trusopplæringa i kyrkja. Saman skal me arbeida for at barn og vaksne kan kjenna seg heima i Stord kyrkje. Saman ønskjer me ei kyrkje med rom for initiativ og mangfald av aktivitetar, og ei kyrkje der tilsette og frivillige trives. Saman skal me og i 2022 halda visjonen «Livet i fokus – nær Gud – nær menneske» høgt.

Elisabeth V Fauskanger,

Einingsleiar trusopplæring

Mars 2022

Årsmelding 2021 frå Diakoniutvalet

Året 2021 har vore eit år prega av coronapandemi, som har gitt lange periodar med restriksjonar og nedstengningar. Dette har, som i 2020, prega og avgrensa den diakonale tenesta i 2021.

Diakoniutvalet er eit felles utval for Nysæter og Stord sokn. Utvalet har i 2021 bestått av: Ingebjørg Grønsdal og Marta Kristin Valvatne frå Nysæter sokn, Signe Wiersen Vorland og Dagfinn Koppang frå Stord sokn. Diakonimedarbeidar Hjørdis Heggland var i teneste fram til 18. mars, då ho vart sjukemeldt. Soknediakonen er fast medlem og skrivar i utvalet.

I 2021 har diakoniutvalet hatt 4 møter. Diakoniutvalet har hatt fine utvalsmøter der ein har reflektert og snakka om kva som bør prioriterast innan diakonien, om ynskjelege oppgåver samt erfaringar frå eige liv og diakoni i kvardagen.

- **Diakoniutvalet sine oppgåver i 2021:**

Open kyrkje i Stord: Diakoniutvalet hadde open kyrkje 6 gonger i 2021. Å arrangera open kyrkje blei eit godt tiltak i pandemien, då mange andre arrangement vart avlyste og «sett på vent». Utvalet valgte å ha open kyrkje i Stord på kvelden Allehelgensdag, som eit tilbod i kyrkja på ein dag då det er tradisjon for i minnast dei som er gått bort.

- Deltaking på fagdagar om frivillighet: Diakoniutvalet var 5.-6. februar med på fagdagar om frivillighet i Nysæter kyrkje.
- Minnegudsteneste 2. juledag: Diakoniutvalet deltok under minnegudstenesta 2. juledag i Stord kyrkje. Gudstenesta var for både Nysæter og Stord sokn.
- Blomehelsing: Nokon i utvalet har ved nokre anledningar gått med blomehelsing til pårørande etter dødsfall.

Oppgåver for soknediakonen 2021:

Diakonen har ein administrativ jobb og det blir ein del kontorarbeid med førebuingar og planlegging. I periodar har det vore rett med heimekontor grunna coronapandemien. Soknediakon Olaug Irene Gloppen si teneste har i 2021 vore variert og innhaldsrik. Eit godt år for å gjera seg kjend med tidlegare arbeid og kva som er av tankar og kultur i sokna. Det er ikkje lett som diakon å prioritera rett i møte med alle behov og ynskjer. Mange prioriteringar må gjerast. Coronapandemien har begrensa ein del oppgåver også i 2021.

- Besøksteneste/blomehelsing
- Besøk institusjonar
- Sorgarbeid
- Sjelesorgsamtalar
- Deltaking i IKF
- Nattverdssamlingar på Stord sjukeheim
- Soknebod
- Båreandaktar
- Andaktar på institusjonar
- Deltaking på gudstenester
- Arbeidsgruppe/frivilliggruppe kyrkjelydane
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon
- Julevandringar

Diakoni er Kyrkja sin «livspust», - som eit fellesskap mellom dei som trur og i misjonsoppdraget til alle folk. I både Nysæter og Stord sokn er det mykje som skjer. Diakonien, kyrkja si omsorgsteneste, er tilstades både i trusopplæringa, i gudstenestelivet, i alt fellesskapsbyggjande arbeid, i diakoniutvalet sitt arbeid, i arbeidet for innvandrarar m.m. Kyrkjelydane bør vera bevisste på dei gode diakonale tenestene som er tilstades. Det skjer mykje kvardagsdiakoni.

Diakonen vil fortsetja med å leggja planar for diakonien i Nysæter og Stord sokn. Samtidig er det viktig med rom for «ikkje-planlagte» tidsrom, for samtalar, sjelesorg og sorgarbeid.

Guds velsigning over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn.

Med helsing

Olaug Irene A. Gloppen, soknediakon

Årsrekneskap

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har mottatt førebels rekneskap pr 31.12.2021, men ventar på endeleg rekneskap og revisorfråsegn. Førebels rekneskap er lagt inn i årsrapporten.

Soknet ser ei jamn forsiktig auke i givartenesta som går til Kyrkjestova Fredheim. Utover det er aktivitetsnivået lågt i 2021 som følgje av korona, og det gir både lågare inntekter frå takkoffer og mindre kostnader. Kyrkjebladet Spira utgjer den største økonomiske kostnaden for soknerådet.

Nokre fleire kommentarar om rekneskapstala for 2021:

- Inntektene frå takkoffer er omtrent på same nivå som i 2020, men mykje lågare enn «normalnivå» frå 2019. Total inntekt frå takkoffer i 2021 var på ca 197 000,- mot 201 000,- i 2020 og 432 774,- i 2019.
- Kyrkjebladet Spira vart gjeve ut 3 gonger i 2021. Totale inntekter for bladet består av ein miks av sponsorinntekter, (private) gåver og kr 15 000 i tilskot frå Nysæter sokn. Inntekta i 2021 inneheld og kr 6 200,- som er førehandssal av annonser for blad i 2022. Blada i 2021 gjekk då med eit underskot på ca kr 24 000 som dekkjast av Stord sokneråd. Planen er å vidareføre bladet også i 2022.
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 268 850,- gjennom denne ordninga i 2021. I tillegg har det vore fleire takkoffer øyremarka Kyrkjestova, som har gitt ca 17 000,- i gåver. Takk til alle som gir!
- Soknerådet fekk tildelt støtte frå Bufdir for å halda PREP-kurs i 2020, totalt kr 35 000,-. Grunna korona har kurset vore utsett fleire gonger, og er seint i 2021 vedtatt avlyst. Midlane vert betalt tilbake tidleg i 2022.
- Resultatet for soknet sin økonomi i 2021 er eit overskot på kr 44 866,- som følgje av låg aktivitet og dermed låge kostnader. Kr 6 200,- (førehandssal SPIRA) er føreslått avsatt til bunde fond for å dekkja evt underskot i 2022, medan dei øvrige kr 38 666,- vert avsett til ubunde fond.

	Foreløpig regnskap (Hele året)		Budsjett 2021 (Hele året)		Avvik		Regnskap 2020	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	629 358	584 492	612 000	647 000	17 358	-62 508	575 575	554 287
Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring	18 450	13 967	35 000	30 000	-16 550	-16 033	16 593	16 459
Deltakarbeting	6 000	-	5 000	-	1 000	-	1 700	-
Konfirmantar, fest, mat o.l.	-	5 200	-	-	-	5 200	-	-
Takkoffer til Trusopplæringa	10 450	-	20 000	-	-9 550	-	6 740	-
Takkoffer til diakoniarbeidet	2 000	-	10 000	-	-8 000	-	8 153	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR	-	8 767	-	30 000	-	-21 233	-	16 459
Takkoffer og givarteneste til andre	129 100	124 155	175 000	195 000	-45 900	-70 845	87 714	104 761
Takkoffer til eksterne organisasjonar	73 633	69 949	75 000	95 000	-1 367	-25 051	53 151	60 596
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	300	296	15 000	50 000	-49 700	-49 704	-	-
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	55 167	53 910	50 000	50 000	5 167	3 910	34 563	44 165
Tilskot/stønad til lag og organisasjonar	-	-	-	-	-	-	-	-
Kyrkjelydshus / Kyrkjestove	285 745	285 283	200 000	185 000	85 745	100 283	228 600	238 870
Givertjeneste - Kyrkjestova	268 850	268 850	180 000	185 000	88 850	83 850	228 600	238 870
Takkoffer til kyrkjestova	16 895	16 433	20 000	-	-3 105	16 433	-	-
Kyrkjelydsarbeid	38 139	19 318	92 000	62 000	-53 861	-42 682	89 997	52 335
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	12 000	-	50 000	-	-38 000	-	72 149	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	20 042	2 790	15 000	20 000	5 042	-17 210	4 715	9 230
Kveldssamling	1 950	1 549	25 000	15 000	-23 050	-13 451	7 766	571
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter	-	7 151	-	-	-	7 151	-	-
Diakonale tiltak (i regi av SR)	-	-	-	3 500	-	-3 500	-	-
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.	-	1 019	-	6 000	-	-4 981	-	630
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)	-	742	-	5 000	-	-4 258	-	3 225
Innbu, utstyr, bøker	-	-	-	2 000	-	-2 000	-	1 125
PC-utstyr, lyd-utstyr	-	-	-	-	-	-	-	23 747
Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Vedlikehald innbu/utstyr	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/stønad til eige arbeid	-	-	-	-	-	-	-	-
Velferdstiltak, gåver o.l.	-	-	-	3 000	-	-3 000	-	1 075
Diverse, andre utgifter	-	-	-	1 500	-	-1 500	-	-
Kurs, Døgnnet o.l.	-	1 600	-	5 000	-	-3 400	-	10 281
Renteinntekter	4 147	-	2 000	-	2 147	-	5 367	-
Gebyr bank	-	4 466	-	1 000	-	3 466	-	2 451
Kyrkjeblad	122 436	139 987	100 000	120 000	22 436	19 987	103 623	122 025
Kyrkjeblad	122 436	139 987	100 000	120 000	22 436	19 987	103 623	122 025
Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement	5 488	1 782	10 000	15 000	-4 512	-13 218	14 048	19 837
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	5 488	-	10 000	-	-4 512	-	14 048	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor	-	1 782	-	15 000	-	-13 218	-	19 837
Prosjektmidlar	30 000	-	-	40 000	30 000	-40 000	35 000	-
Tilskot/gåver frå andre	30 000	-	-	-	30 000	-	35 000	-
Arrangement utan billettinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	-	-	-	-
Deltakarbeting	-	-	-	-	-	-	-	-
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	40 000	-	-40 000	-	-
Resultat (overskot / underskot)	44 866	-	-35 000	-	79 866	-	21 288	-
Takkoffer totalt	197 925	144 927	325 000	230 000	-127 075	-85 073	201 285	114 562
Disponeringar til balansen	-	44 866	35 000	-	-35 000	44 866	13 713	35 000
Underskot dekkja av midlar i ubunde fond	-	-	-	-	-	-	13 713	-
Overskot overført til ubunde fond	-	38 666	-	-	-	38 666	-	-
Bruk av øyremerka midlar (bunde fond)	-	-	35 000	-	-35 000	-	-	-
Øyremerka midlar (bunde fond) til seinare bruk	-	6 200	-	-	-	6 200	-	35 000
Resultat etter disponering (skal vere 0)	0	0	0	0	0	0	0	0

	Budsjett 2022 (Hele året)		Foreløpig regnskap (Hele året)		Budsjett 2021 (Hele året)	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	708 000	717 250	629 358	584 492	612 000	647 000
Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring	36 000	36 000	18 450	13 967	35 000	30 000
Deltakarbeting			6 000	-	5 000	-
Konfirmantar, fest, mat o.l.	-		-	5 200	-	-
Takkoffer til Trusopplæringa	12 000		10 450	-	20 000	-
Takkoffer til diakoniarbeidet	24 000		2 000	-	10 000	-
Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		36 000	-	8 767	-	30 000
Takkoffer og givarteneste til andre	206 000	206 000	129 100	124 155	175 000	195 000
Takkoffer til eksterne organisasjonar	96 000	96 000	73 633	69 949	75 000	95 000
Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	50 000	50 000	300	296	50 000	50 000
Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	60 000	60 000	55 167	53 910	50 000	50 000
Tilskot/stønad til lag og organisasjonar		-	-	-	-	-
Kyrkjelydshus / Kyrkjestove	244 000	244 000	285 745	285 283	200 000	185 000
Givertjeneste - Kyrkjestova	220 000	220 000	268 850	268 850	180 000	185 000
Takkoffer til kyrkjestova	24 000	24 000	16 895	16 433	20 000	-

	Budsjett 2022 (Hele året)		Foreløpig regnskap (Hele året)		Budsjett 2021 (Hele året)	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	708 000	717 250	629 358	584 492	612 000	647 000
Kyrkjelydsarbeid	105 000	76 000	38 139	19 318	92 000	62 000
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	72 000		12 000	-	50 000	-
Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	18 000	20 000	20 042	2 790	15 000	20 000
Kveldssamling	10 000	10 000	1 950	1 549	25 000	15 000
Arrangement med billettinntekter			-	-	-	-
Arrangement utan billettinntekter		15 000	-	7 151	-	-
Diakonale tiltak (i regi av SR)		3 000	-	-	-	3 500
Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		6 000	-	1 019	-	6 000
Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)		5 000	-	742	-	5 000
Innbu, utstyr, bøker		2 000	-	-	-	2 000
PC-utstyr, lyd-utstyr		-	-	-	-	-
Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr			-	-	-	-
Vedlikehald innbu/utstyr			-	-	-	-
Tilskot/stønad til eige arbeid			-	-	-	-
Velferdstiltak, gåver o.l.		2 000	-	-	-	3 000
Diverse, andre utgifter			-	-	-	1 500
Kurs, Døgnet o.l.		10 000	-	1 600	-	5 000
Renteinntekter	5 000		4 147	-	2 000	-
Gebyr bank		3 000	-	4 466	-	1 000
Kyrkjeblad	105 000	140 250	122 436	139 987	100 000	120 000
Kyrkjeblad	105 000	140 250	122 436	139 987	100 000	120 000
Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement	12 000	15 000	5 488	1 782	10 000	15 000
Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	12 000		5 488	-	10 000	-
Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor		15 000	-	1 782	-	15 000

	Budsjett 2022 (Hele året)		Foreløpig regnskap (Hele året)		Budsjett 2021 (Hele året)	
Beskrivelse	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad	Inntekt	Kostnad
Total	708 000	717 250	629 358	584 492	612 000	647 000
Prosjektmidler	-	-	30 000	-	-	40 000
Tilskot/gåver frå andre	-	-	30 000	-	-	-
Arrangement uten billettinntekter	-	-	-	-	-	-
Tilskot/gåver frå andre	-	-	-	-	-	-
Deltakarbeting	-	-	-	-	-	-
Arrangement med billettinntekter	-	-	-	-	-	40 000
Resultat (overskot / underskot)	-9 250		44 866		-35 000	
<i>Takkoffer totalt</i>	<i>378 000</i>	<i>260 000</i>	<i>197 925</i>	<i>144 927</i>	<i>325 000</i>	<i>230 000</i>
Disponeringar til balansen	9 250	-	-	44 866	35 000	-
Underskot dekket av midlar i ubunde fond	9 250				-	-
Overskot overført til ubunde fond				38 666		
Bruk av øymerke midlar (bunde fond)	-		-		35 000	
Øymerke midlar (bunde fond) til seinare bruk				6 200		
Resultat etter disponering (skal vere 0)	0		0		0	